

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 235/2015**

**2017/EØS/38/03**

**av 30. oktober 2015**

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/919 av 12. juni 2015 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til listene over grensekontrollstasjonar og veterinæreiningar i TRACES<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukter er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I EØS-avtala vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32015 D 0919:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/919 av 12. juni 2015 (EUT L 149 av 16.6.2015, s. 15).”

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd (EU) 2015/919 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. november 2015, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn<sup>(\*)</sup>.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 30. oktober 2015.

For EØS-komiteen

***Oda Sletnes***

Formann

<sup>(1)</sup> TEU L 149 av 16.6.2015, s. 15.

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.